



Reidar Magne Kallestad
Keilegavlsvegen 15
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6861 - 20/15050

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
18.03.2020

Registrert feil og mangel i septiktank - gbnr. 125/54

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 125/54
Tiltakshavar: Reidar Magne Kallestad

Alver kommune har 10.03.2020 mottoke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning den 09.03.2020 vart registrert lekkasje frå septiktanken på eigedommen din. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Lekkasjen må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 30.04.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga deg å utbeta forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Reidar Magne Kallestad

Keilegavlsvegen 5953
15

FONNES